

Rapportering til landskap i drift prosjektet

Kjære prosjektdeltakar,

når alt er i boks – ting er gjennomførte og alt på sjekklista er krysset av, så skal du/ de ta fram prosjektplanen/ søknaden din/ dykkar og skriva ein kort rapport. Men korleis skal ein gjera dette? Her finn du/ de ein liten rettleiing for ein 2 sider rapport pluss regneskap.

Rapporteringa skal vera ei kort refleksjon over heile prosessen, frå planlegginga til ferdigstillinga av alt som var planlagt i søknaden og eventuelle tiltak som kom i etterkant av planen. Rapporterte erfaringane er viktige for andre, både for deg som seinare skal utføre liknande tiltak eller dei som skal planleggja ei nytt prosjekt. Rapporten vil etterpå publiserast på www.landskapidrift.no som ei del av dokumentasjonen av dei gjennomførte prosjekta. Rapporteringa inkluderer òg den økonomiske sida av prosjektet, dvs tal brukte arbeidstimar, utgifter til maskinar eller innleidd arbeid etc. samt støtte frå andre midlar (SMIL, andre kommunale midlar pluss eigene). Me nøyer oss med ein enkelt liste/ oversikt over utgifter og bruk av midlane utan kvitteringar, sidan me går utifrå at rekneskapet vil/ har blitt sjekkast av revisoren uansett. Me vil berre etterspørja kvitteringane dersom det skulle vera noko uklart.

Dersom det dreier seg om fleire ulike tiltak du/ de har gjennomført, vil me be deg/ dykk til å skriva om dei enkeltvis i enkelte avsnitt, t.d. delt inn i

- rydding (ca. kor mykje, kva, tall daa, tidsrom (ca.))
- gjerding (type, tall meter, med hjelp av maskin etc. bruk av timar (ca.))
- bygging (fôrplass, porter, understand, vei/ trase, bruk av timar (ca.))
- samarbeid med andre naboar
- beitedyr og beitekvalitet/ beitemanagement.....
- økonomi (sjå avsnitt ovanfor)
- planane framover

Diverse avvik frå gjennomføringa ift opphavlige planen skal kort dokumenterast kvifor, og korleis løysinga blei til slutt. Dette er viktig for å kunne lære og sikre at midlane blir riktig brukt etter formålet.

Bileta kan godt leggjast inn i teksten, men send dei gjerne med rapporten som vedlegg via e-post til bastian.hoffmann@fmho.no for at dei kan leggjast ut på nettsida etterpå. Rapporten må ikkje vera lengre enn 2 sider med tekst pluss budsjettet.

Dersom du har spørsmål eller framlegg til forbetring av rapporteringa, kom gjerne med innspel til det – ta kontakt!

Beste helsing

Bastian Hoffmann, prosjetleiar